

# Endringsframlegg til budsjettet frå Folklista, Fremskrittspartiet og Venstre

Folklista for Hareid kommune, Fremskrittspartiet og Venstre har blitt einige om eit felles budsjettframlegg for 2024.

Dei inviterer no innbyggjarar til å kome med innspel til framlegget sitt. Dei tre andre partia, Arbeidarpartiet, Høgre og Industri- og næringspartiet er også invitert til å kome med innspel, og eventuelt bli med på fellesframlegget.

Framlegget frå dei tre partia må lesast i samanheng med kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett. Endringane som er føreslegne er endringar på kommunedirektøren sitt framlegg.

Innspel til dette endringsframlegget kan du sende til [postmottak@hareid.kommune.no](mailto:postmottak@hareid.kommune.no). Dei blir fortløpande lagt ut her og dermed tilgjengelege for dei folkevalde og andre interesserte.

## 1. Innleiing

Dette fellesframlegget må lesast i eit langsiktig perspektiv – også utover den fireårsperioden dette kommunestyret går inn i. Vi vil investere i omsorg, skule, byggefelt og oppgradert infrastruktur for næringsaktivitet, bygge- og bulyst.

Vi er stolte av kommunen vår, og vil først starte med å rette ei stor takk til alle tilsette, kommunedirektøren og hennar stab for eit innhaldsrikt år. 2023 har vore prega av ei enorm omstillingsevne i kommunen for å møte store utbyggingsprosjekt, næringsutvikling og ikkje minst den alvorlege sikkerheitssituasjonen i Europa som har nådd oss – og prega alle tenestene våre her på Hareid med full kraft.

Tilsette i kommunen skal vite at det prisverdige arbeidet dei gjer ute i tenestene for alle dei som no treng hjelp vert lagt merke til. Det tærer på ressursane og kreftene å heile tida ligge i høgt gir. Det kjenner alle på. Men i fellesskap har vi kome oss gjennom eit hektisk år. Vi arbeidar for ei fantastisk kommune! Takksemda og smilet om andletet til dei vi støttar og hjelper gjev ny energi til å stå på for fellesskapet vårt vidare.

Innbyggjarane møter kommunen ute i tenestene kvar morgon – nokre også om natta. Ein møter omsorg gjennom menneske. Barn- og unge treng eit aktivt og godt oppvekstmiljø, og der kan vi ikkje spare oss til sosiale problem. Vi vil prøve å

Vi vert ikkje arbeidsledige, men investerer for framtida til Hareid kommune. Vegpakkar til asfalt og oppgradering, grunnkjøp til nye leilegheiter, omsorgsbustader og tilrettelegging for bustadfelt er også inne i dette framlegget. Alle investeringar må betalast ned med pengar vi har til dagleg drift, men investeringar gjev også inntekt. Den beste måten å auke inntekta på er å få fleire innbyggjarar. Vi vil ikkje basere meir av inntektene på å auke eigedomsskatten, men heller arbeide for at vi i framtida har inntekter til å kutte i eigedomsskatten.

Prosjekt- og driftsstyring krev mykje av administrasjonen – men vi les samstundes at dei store sektorane knakar i samanføyingane ute i tenestene. Derfor utset ein no utbygging av fleire kontor på rådhuset og kuttar i administrative stillingsprosentar og vakansar. Signalet er at midlane går ut og ned i tenestene. Dette betyr at vi legg opp til mindre administrasjon og oppfordrar til større mynde og eigarskap til avgjersler og ansvar nedover i organisasjonen. Toppstyring trengs i det lange løp for å få på plass gode folk og å sette kursen, men der er så mange gode tilsette overalt i kommunen sin organisasjon, at desse må myndiggjerast og få den plassen dei fortener.

Vi går inn i eit spennande år med mange nye utfordringar, men desse skal vi løyse i fellesskap. Ta vare på kvarandre, nye og gamle tilsette, frivillige, våre grannar og ikkje

oppretthalde SFO-tilbodet, kulturtilbod, styrke ungdomsarbeid og tidleg innsats. minst våre nye innbyggjarar også i året som kjem.

Bernt, Oskar og Annika

## Endringsframlegg

	Verbalpunkt (tal i heile 1000)	Investering	Driftspåverknad	Kommentar
			Tall i tusen kronar	
1	Eigedomskatt uendra 3 promille		3500	
2	Renteutgifter korrigert – forventa rentenedgang i 3 kv. 2024 og har rekna ca 0,25% lavare rentekostnad		-3101	
3	Utbytte som i 2022 og 2023		-399	
4	Ikkje budsjettere med bruk av fond		318	
5	Det er lagt inn avsetning til fond på om lag 1,1 mil årleg i perioden 2025 til 2027		0	
6	NAV-kommune reduksjon som følgje av andre tiltak		-1574	
7	Oppvekstkontor, generell innsparing		-688	
8	SFO - Uendra (lagt til oppvekstkontor). Ber KD vurdere avvikling av SFO i skuleferien i samarbeid med ein av barnehagane som innsparingstiltak.		2500	
9	Musikk- og kulturskulen styrkast med 500'		500	
10	Auka inntekt Ressurssenteret		-320	
11	Barnevern innsparing gjennom tidlege tiltak og alternative løysingar		-1700	
12	Auka stilling jordmor/tidleg innsats/barnekoordinator 230'+270' + tilskot		500	
13	Bu og habilitering: Kostnadskutt på 1108'		-1108	
14	Plan, byggesak og geodata – innsparing 365'		-365	

15	Flyttar lønnskostnad frå Samfunn (6500) til Hamn og anløp. ev. innkjøpskoordinator innanfor ramme.		-200	
16	Næring redusert kutt - auka med 800'		800	
17	Kultur - teke inn igjen støtte til Ishavsmuseet, Vonheim, Hareidsstemna, m.m. - 375'		375	
18	Kultur teke inn igjen støtte til barnefestival 50'		50	
19	Stillingsauke ungdomsarbeid/biblioteket		200	
20	Kultur, prioritere ferietilbod for barn og unge innanfor ramma		100	
21	Kuttet på soknet er redusert til 154', auke på 486' i forhold til administrasjonen sitt framlegg og inkluderer tenesteyting- og driftsavtale		486	
22	Kommunal Eigedom kostnadskutt -198'		-198	
23	Auka inntekt kommunale bustadar		-300	
24	Oppstart HUS 2025, auke 1500 – planlegging og prosjektering	1500	90	Heilårseffekt
25	Uteområde Hjørungavåg 2400'	2400	144	Heilårseffekt
26	Diverse grunnkjøp og tilrettelegging, prosjektering, KL, Holstad 5000'	5000	300	Heilårseffekt
27	Vegpakke, 5000' - inkludert, men ikkje avgrensa til Reina, grøfting, berelag, asfalt	5000	300	Heilårseffekt
28	Hamn - konsekvensjusterte, unytta midlar løyva for 2023 overført til ferdigstilling prosjekter 2024, styring og div tiltak hamn	3000	0	Hamnfond
29	Reduksjon rådhuset/utsette kontorauke	-4000	-240	Heilårseffekt
30	Utsetting gangveg flytebrygge Overåsanden	-1500	-90	Heilårseffekt
31	Utsette Brannstasjon eit år, ligg igjen 200' til planlegging	-1300	-78	Heilårseffekt
32	Oppgraderingspakke kommunale eigedommar	1800	108	Heilårseffekt

33	Utgreiling vatn og avløp Hjørungneset (prosjekt)	250	0	
34	Grunnkjøpspakke (sal av eideom vert tilført grunnkjøpspakken)	3000	90	Halvårseffekt
35	Kommunedirektøren skal kvar månad rapportere forbruk samanlikna med budsjett til formannskapen.  Rapporten skal minst innehalde forskriftsskjema etter § 5-4 første og andre ledd med forklaring på evt avvik		0	
36	Evaluering av rekneskapsprogram (Visma) og rapporteringsverktøy (Framsikt) - både sjølve kjøpet (prosess, kriterier, kompetanse) og funksjonalitet		0	
37	Politisk sak om bustadfelt Røyset 1. halvår 2024		0	
38	Drenering bak Bigset skule/SFO i 2025		0	
39	Overføring av kontantkasse for barn og unge frå 2023 til 2024 kr. 40'. Balanseførast i 2023		0	
	<b>SUM</b>	<b>15150</b>	<b>0</b>	